



Årgang 20, nummer 1, April 2022

PÅSKEBREV FRÅ REGIONALT FAGSENTER FOR MEDISINSKE KVALITETSREGISTER

I dette nummeret:

- Data frå nasjonale medisinske kvalitetsregistre kan nyttast på ulike måtar i forskning
- Nye nasjonale medisinske kvalitetsregistre: NORHIV og KVALAP
- Helsedataprogrammet og helseanalyseplattformen satt på vent - alternativ blir vurdert
- Regional forbetringsutdanning
- Ny tilsett ved Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre
- Internasjonal konferanse for kvalitet og pasienttryggleik i Gøteborg
- PROM-konferansen blir arrangert i Bergen 2.juni
- Den regionale Kvalitets- og registerkonferansen 27. og 28.september i Førde
- Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre i Helse Vest si nettside under revidering

Kontakt Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre

E-post:
kvalitetsregistre@helse-vest.no



Data frå nasjonale medisinske kvalitetsregistre kan nyttast på ulike måtar i forskning

I Nyheitsbrevet ynskjer vi igjen å minne om moglegheita data i dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra gir til å forske på effekt av behandling og behandlingskvalitet. Data frå kvalitetsregistre kan vere utgangspunkt og grunnlag for kliniske utprøvingar, observasjonsstudier eller registerbaserte randomiserte studier.

På helsedata.no er det oppretta eit elektronisk søknadsskjema der ein kan søkje om tilgang til helseopplysningar frå ulike register i same søknad. I første omgang omfattar søknadsskjema datakjelder som blir forvalta av Folkehelseinstituttet, Helsedirektoratet og Kreftregisteret. Fleire datakjelder vil bli inkludert framover; det gjeld òg andre medisinske kvalitetsregistre.

I dag er det mogleg å søkje om data frå kvalitetsregister innan Hjerteregisteret og Karregisteret, Kreftregisteret og Norsk nyfødmedisinsk kvalitetsregister. For å søkje om data frå andre medisinske kvalitetsregistre må ein foreløpig henvende seg direkte til registeret. Kontaktinformasjon til kvart register finn du her [Registeroversikt | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#). Her er òg oversikt som syner publikasjonar for alle dei 53 nasjonale registera.

Les meir om forskning på registerdata på nettsida til Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre: [Forskning | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)

Nye nasjonale medisinske kvalitetsregistre: NORHIV og KVALAP

Det er etablert nasjonale kvalitetsregistre på to nye fagområder. I slutten av 2021 fekk Norsk kvalitetsregister for hiv (NORHIV) nasjonal status og i byrjinga av 2022 fekk Nasjonalt kvalitetsregister for alderspsykiatri (KVALAP) status som nasjonalt medisinsk kvalitetsregister. Tal på nasjonale medisinske kvalitetsregistre er då blitt 53 ([Registeroversikt | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)) – 18 av desse er forankra i Helse Vest.

NORHIV (Oslo universitetssykehus) sitt hovudformål er å bidra til at hivpasientar i Noreg får betre behandling og oppfølging og det skal mellom anna skje ved å:

- registrere, kvalitetssikre og prosessere data
- bidra til auka kunnskap om hiv/aids
- overvåke og betre kvaliteten på behandlinga
- fremme fleire typar forskning knytt til hiv

KVALAP (Oslo universitetssykehus) blei oppretta for å bidra til betre utgreiing og behandling av eldre med psykiske lidningar og for å bidra til forskning og kvalitetsarbeid.

For meir informasjon om NORHIV og KVALAP, sjå:

[Hiv-registeret har fått nasjonal status | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)

[Norsk kvalitetsregister for hiv | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)

[Nytt nasjonalt kvalitetsregister innen alderspsykiatri | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre](#)

[Nasjonalt kvalitetsregister for alderspsykiatri \(KVALAP\)](#)

Helsedataprogrammet og helseanalyseplattformen satt på vent—alternativ blir vurdert

Fo å styrke gjennomføringa av den nasjonale helseregisterstrategien 2010-2020 fekk Direktoratet for e-helse i 2017 i oppdrag frå HOD å etablere Helsedata-programmet. Programmet har jobba for å gi raskare og sikrere tilgang til helsedata frå landets mange helseregister og andre

relevante kjelder. Programmet blei avslutta 31.12.2021, men satsinga blir vidareført av avdeling Helsedata og den underliggende seksjonen Helsedataservice i Direktoratet for e-helse. [Helsedataprogrammet \(avsluttet 31.12.2021\) - ehelse](#).

I det siste Nyheitsbrevet frå Direktoratet for e-helse står det: «På grunnlag av en samlet risikovurdering i lys av Schrems II-dommen besluttet Direktoratet for e-helse i desember 2021 å sette utviklingen av data- og analysetjenester på vent. Det jobbes nå med alternative løsninger.»

For oppdatert informasjon; sjå nettsida til Direktoratet for e-helse [Vurderer alternativer etter at Helseanalyseplattformen ble satt på pause - ehelse](#)

Regional forbetningsutdanning

Helse Vest RHF vil for sjette gong arrangere forbetningsutdanning i forbetningsmetodikk som gir kompetanse til å drive og gjennomføre forbetningsprosjekt. Føremålet er å lære opp medarbeidarar i Helse Vest til å iverksetje, gjennomføre og leie forbetningsprosjekt, som gir varig betring av tenestene. Målgruppa er alle medarbeidarar i sjukehusa som ynskjer å gjennomføre forbetningsarbeid i sin eining.

Dei lokale føretaka har egne interne fristar for søknad; dei lokale føretaka prioriterer søknader før innsending. I kvart av føretaka er det kontaktpersonar som kan kontaktas i samband med søknadsprosess.

Informasjon om kontaktpersonar mm. finn du på nettsida [Regional forbetningsutdanning - Helse Vest RHF \(helse-vest.no\)](#)

Ny tilsett ved Fagsenter for medisinske kvalitetsregister

Tobias Våge Henriksen er ny tilsett ved Fagsenteret. Han skal jobbe med rådgiving knytt til statistikk og dataanalyse. Tobias har mastergrad i Matematikk frå Uppsala Universitet og mastergrad i Matematikk og Fysikk ved Universitetet i Stavanger. Han hadde sin første arbeidsdag ved Fagsenteret 10.januar.



Vi ynskjer Tobias velkomen!

Internasjonal konferanse for kvalitet og pasienttryggleik i Gøteborg

[Institute for Healthcare Improvement \(IHI\)](#) arrangerer konferanse for kvalitet- og pasienttryggleik i Gøteborg 20-22 juni i år. Konferansen er ein møteplass for alle som er interessert i, og opptatt av, kvalitetsforbetring og pasienttryggleik.

Les meir om konferanse her: [Programme overview - Gothenburg 2022 \(bmi.com\)](#)

PROM-konferansen blir arrangert i Bergen 2. juni

Fokuset for årets PROM-konferanse er korleis pasientrapporterte data kan verta brukt i klinisk praksis, og kva for juridiske og tekniske mogelegheiter og utfordringar elektronisk innhenting av denne type data kan gi. For program og annan informasjon, les meir her:

[Velkommen til fysisk PROM-konferanse i Bergen 2. juni 2022 | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregister](#)

Den regionale kvalitets- og registerkonferansen 27- 28.september i Førde

Program for pasienttryggleik arrangerer årleg ein kvalitet- og registerkonferanse som er ein møteplass for alle som arbeider med pasienttryggleik, kvalitetsregister og kvalitetsforbetring i Helse Vest. Detaljar om påmelding og program kjem etter kvart.

For meir informasjon; sjå [Kvalitets- og registerkonferansen - Helse Vest RHF \(helse-vest.no\)](#)

Fagsenter for medisinske kvalitetsregister i Helse Vest si nettside under revidering

Fagsenter for medisinske kvalitetsregister reviderer sine heimesider. Dette arbeidet vil fortsette utover våren; sidene vi bli oppdatert med jamne mellomrom framover.

Sjå sidene her: <https://helse-vest.no/helsefagleg/kvalitet/fagsenter-for-medisinske-kvalitetsregister-i-helse-vest>



Vi på Fagsenteret ynskjer alle våre lesarar ei riktig god påske!

